

FORESEGNER I TILKNYTNING TIL
REGULERINGSPLAN BUSTADFELT PÅ
BRATLAND Gnr 88 Bnr 16 i Vinje
Kommune.

§ 1.

Det regulerte området er vist på planen med reguleringsgrense. Innafor denne reguleringslinja skal bygningar og anleggplasserast som vist på planen.

Bustadområde.

§ 2.

- a) Bebyggelsen skal være frittliggende bustadhus.
- b) I bustadområda kan oppførast bustadhus i inntil to etasjar med tilhøyrande garasjar. Kjellar reknes som etasje når den har rom til bustadføremål.
- c) Hogda på bygningane må ikkje overstiga 6m for 1 etasjes hus og 8,5m for 2 etasjes hus. Høgda vert reikna frå ferdig planert terreng.
- d) Grunnflata til bygningane, medreikna gasrasje / uthus, skal ikkje overstige 15% av bruttoarealet til tomta.

§ 3.

- a) Garasje / uthus skal tilpassast bustadhuset med omsyn til materialval, fonn og farge.
- b) Garasje / uthus kan berre oppforast i 1 etasje, med maksimum grunnflate 50m².
- c) Plassering av garasje skal vera vist på situasjonsplan som fylgjer byggjemeldinga for bustadhuset, sjølv om garasjen / uthuset *ikkje* skal oppforast samstundes med dette.
- d) i tillegg til garasje skal det vere oppstillingsplass på eingen tomt for 1 bil.

§ 4.

- a) Bygningane skal ha saltak. Takvinkel skal vere på minimum 20°. Det er ikkje tillete med arkar eller nedskjeringar i takflata.
- b) Taktekinga skal ha matt og merk verknad. Vanleg papptekking, vanlege blanke bolgjeblek- og panneblekplater bør ikkje nyttast.
- c) Skarpe fargar skal ikkje tillatast.
- d) Som ytterkledning skal det nyttast ståande kledning. e) Falske skodder skal ikkje nyttast.

§ 5.

Gjerder si plassering og utsjånad skal godkjennast av teknisk etat. Gjerdet skal ikkje vere hogare enn 0,8m med sokkel medreikna.

§ 6.

Eksisterande vegetasjon skal takast vare på så langt som råd er.

Offentlege bygg

§ 7.

Arealet skal nyttast til offentlege bygg. Reglar for utforming av bustadhus skal og gjelde offentlege bygg. Unntak er § 3. ledd b) og § 5.

Fellesbestemmel sar

§ 8.

- a) Avkøyrsl e til offentleg veg skal vera oversiktleg og mest mogleg trafikkikker.
- b) Når ei tomt grensar til fleire vegar, skal tonota ha køyring frå underordna veg.
- c) Inga tomt kan tilplantast med tre eller buskar som etter bygningsrådet sitt skjønn kan vers sjenerande for offentleg ferdsel.
- d) Bygningsrådet kan, når uærlege grunnar talar for det, tillata mindre vesentlege unntak frå desse reguleringsforesegnene, innafor ramma av Plan- og Bygningsloven og bygningsvedtektene for Vinje Kommune.

